



HJELMELAND  
KOMMUNE

# ÅRSPLAN FOR SFO VED ÅRDAL SKULE 2026/27



**«SFO – TRYGG OG GOD»**



# Innhald

|                                                |   |
|------------------------------------------------|---|
| 1. Innleiing.....                              | 3 |
| 2. Styrande lovverk, vedtekter og planar ..... | 3 |
| 3. Verdigrunnlaget til SFO .....               | 4 |
| 4. SFO sitt innhald .....                      | 4 |
| 4.1. Leik .....                                | 5 |
| 4.2. Kultur.....                               | 5 |
| 4.3. Fysisk aktivitet og bevegelsesglede ..... | 6 |
| 4.4. Mat og måltidsglede .....                 | 6 |
| 5. Samarbeid med heimen .....                  | 6 |
| 6. Praktisk informasjon.....                   | 7 |
| 6.1 Dagsplan.....                              | 8 |
| 6.2 Klede.....                                 | 8 |
| 6.3 Bursdag.....                               | 8 |
| 7. Årshjul.....                                | 9 |

# 1. Innleiing

Vår visjon på skulefritidsordninga er «SFO – Trygg og god», og me følgjer også skulen sin visjon «Årdal skule; Trygt og Godt, Lærerikt og Kjekt». Me skal heile tida arbeida for at SFO er ein plass der barna føler seg inkluderte, trygge og at dei vert sett. Me skal sjå og utvikla det beste i kvart enkelt barn. Me har som mål at alle barn skal trivst og ha venner.

SFO nyttar same lokalar som skulen, og er ein del av skulen sitt læringsmiljø der vennskap og leikprega aktivitetar er viktige ingrediensar. Dei tilsette er viktige støttespelarar for å leggja til rette for dette. Me er også opptekne av å etablera eit tett og godt samarbeid med føresette.

## 2. Styrande lovverk, vedtekter og planar

[Opplæringslova § 13-7 Skulefritidsordninga](#) pålegg skulen å ha eit tilbod om SFO før og etter skuletid for 1.-4. trinn og for barn med særskilde behov på 1.-7. trinn. Den seier også noko om mellom anna innhald og tilrettelegging.

[Kapittel 9A Elevane sitt skulemiljø](#) i opplæringslova gjeld også for SFO. Den omhandlar barna si rett til eit trygt og godt psykososialt og fysisk skulemiljø.

[Rammeplan for SFO \(2021\)](#) gir nasjonale føringar for kva verdigrunnlag og kva innhald skulefritidsordninga skal og bør ha.

[Vedtekter for Hjelmeland kommune sine skulefritidsordningar](#) er utarbeida i tråd med § 13-7 i opplæringslova.

**Internasjonale konvensjonar** gjeld og for SFO, slik som [FN sin barnekonvensjon](#) om barna sine rettar, og [ILO-konvensjonen](#) nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar.



### 3. Verdigrunnlaget til SFO

*SFO skal bygge sin praksis på grunnleggande verdier som er felles i formålsparagrafane til barnehagen og opplæringa. Verdigrunnlaget skal verte formidla og praktisert i alle delar av arbeidet i SFO og prege innhaldet og arbeidsmåtene. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

Verdigrunnlaget rammeplanen til SFO legg som føring består av følgjande:

- ❖ Barndommen sin eigenverdi
- ❖ Tryggleik, omsorg og trivsel
- ❖ Mangfald og inkludering
- ❖ Skaparglede, engasjement og utforskartrøng
- ❖ Demokrati og fellesskap
- ❖ Berekraftig utvikling

### 4. SFO sitt innhald

- ❖ *SFO skal leggja til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulike alder og med forskjellig funksjonsnivå. SFO skal, gjennom innhald og arbeidsmåtar, leggja til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. Barna skal ha gode vilkår for å medverke.*
- ❖ *SFO skal ivareta barna sine interesser og introdusere nye aktivitetar. I tillegg til sjølv å tilretteleggja for aktivitetar kan SFO samarbeida med kulturskulen, lokale lag, foreiningar og organisasjonar for å gjennomføra og organisere innhaldet og aktivitetane. (Utdrag frå Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

I Årdal SFO er SFO ein viktig arena for utvikling av sosial kompetanse, der barn får trening i samhandling med andre i lek og aktivitetar.

Me er opptatt av at alle skal trivast og at SFO skal vera ein god plass å vara.

SFO skal vera ein trygg stad for alle. Omsorg, humor og glede, faste rutinar og felles grensesetting er viktig for å oppnå dette. Samtidig har både vaksne og barn ulike behov. Me behandlar alle ut frå kva behov dei har. Me respekterer kvarandre og forventar det same av barna.

SFO ser det som ei viktig oppgåve å lære barn å ta ansvar for fellesskapet, ta omsyn og visa respekt for kvarandre. Me vil også jobba for at barna skal lære å samarbeida og visa empati overfor kvarandre. Dette ynskjer me å stimulera under lek og daglege rutine situasjonar.

## Digitale ressursar

*Når digitale ressursar vert nytta i SFO, skal det skje på ein hensiktsmessig og forsvarleg måte, og slik at det kan stimulera barn til utforskande, kreativ og skapande samhandling. Det er SFO sitt ansvar å ivareta barna sin sikkerheit og tryggleik på nett, og at reglar for personvern vert følgde. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

- Læringsbrettet kan me bruka som eit verktøy når me skal produsera eller dokumentera noko. Me spelar Minecraft, lager musikk på Garage band og nytta andre appar som er på læringsbrettet. Teater, skodespel eller dans blir laga og organisert av barna og vaksne. Deretter kan det bli filma og vist frem på storskjerm i klasserommet. Barna sitt aldri aleine med læringsbrettet, dei vil alltid bli følgt opp av de vaksne.

## 4.1. Leik

*Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal tilrettelegge for og støtte opp om, at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

SFO er barnas fritid, og dette skal prega den tida dei er i SFO. Me ønskjer å leggja til rette for varierte aktivitetar i løpet av året. Utgangspunktet er at dei fleste aktivitetane er frivillige, men me vil prøve å finne ein god balanse mellom styrte og frie aktivitetar. Det er viktig at barna si fritid ikkje skal organiserast. Fri leiken har eigenverdi. Vi vil prøve å leggje til rette så langt som mogleg for at barna skal få leike med det dei likar. Barna er innom SFO ei kort tid om ettermiddagen, og me ser at dei likar svært godt å velje fritt kva dei vil leike med.

Me er opptekne av å ha eit godt og variert utval av utstyr, leiker og spel. Me er heldige som har eit variert og flott uteområde ved Årdal SFO. Me har gode inne- og uteområde som innbyr til ulik leik og aktivitetar, som m.a. turar i nærområdet, ballspel, klatring, tarzan, nabbi, biler, dukker og lego. Inne har me tilgang på fleire rom, m.a. grupperom, klasserom, bibliotek og gymsal. Ute har me eit flott uteområde med tarzanjungel, fotballbinge, klatretårn og reiler i fleire variantar.

## 4.2. Kultur

*Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal leggja til rette for at barna får delta i forskjellige kunstneriske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksemd. Gjennom kulturaktivitetar skal SFO gi støtte til at barna får skapa sine egne uttrykk og får kjennskap til ulike måtar å uttrykkje seg på, slik at mangfaldet i barnegruppa vert representert. SFO skal bidra til at barna møter samisk kultur. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

Me har moglegheit for å bruke klasserom ved sidan av SFO. Her er det ofte og nesten dagleg små grupper med barn som leiker skule. Dei byter på roller som lærer og elev. Me har også ein eigen boks med utkleddingsklede som er veldig populært. Dette skaper leik, dans og rollespel. Ute-Disko er også populært. Då går me ut i skulegården, musikken skrus opp og alle dansar, ler og koser seg. Mot

slutten av januar og litt ut i februar bruker me tida til å bli kjent med den samiske kulturen. 5. februar lager me samisk mat og feire Samefolkets Dag som er 6. februar.

Kultur handlar for oss at kvar enkelt kan, dersom dei ynskjer det, få fortelje om seg sjølv, kvar dei kjem frå og lære kvarandre om sin bakgrunn. Ei veke i månaden, har me fokus på eit land. Me tar utgangspunkt i landa som enkelte born er frå på vår SFO. Då lager me mat frå dette landet, lærer litt om språk og kanskje nye leiker som dei leiker.

#### 4.3. Fysisk aktivitet og bevegelses glede

*SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremja barna si bevegelses glede og motoriske utvikling. SFO skal leggja til rette for at alle barn får delta i variert bevegelses leik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst. SFO bør leggja til rette for aktivitetsformer som kan bidra til bevegelses glede, og som oppstår i leik saman med andre barn. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

I Årdal har me gymsal som blir brukt med gjevne mellomrom. Fotballbingen og kunstgrasbanen står sjeldan tom. Me går på tur til skog, der frileik blant tre og steinar er favoritt. Vinterstid er akebrett fremme, sommartid er hoppetau og sykklar veldig kjekke. Musikk skapar bevegelse og glede. Me har radio inne og høgtalar ute, då kan me dansa og leike til musikk kva tid som helst.



#### 4.4. Mat og måltids glede

*SFO skal leggje til rette for daglege måltider som gir barna grunnlag for å utvikla matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar. Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å eta i løpet av tida dei er på SFO. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

Barna som skal ete frukost på SFO må ha den med sjølv. Etter skuleslutt byrja me alltid med eit måltid. Det blir sett frem forskjellig type brød/knekkebrød og forskjellige type pålegg som buffe. Her går barna sjølv og finn mat. Barna får eit måltid kvar dag. Dei må ha med seg nistepakke på fredagar som me et 11:00 og me lagar anna måltid ute/inne og et igjen ca. 13:30. Alle får frukt kvar dag. Har nokon gløymt matpakken, har me knekkebrød/brød som dei kan få.

### 5. Samarbeid med heimen

*Hensynet til barna sitt beste skal ligge til grunn når SFO samarbeidar med foreldre, skule, barnehage og andre offentlege instansar. (Rammeplan for SFO: 2021).*

SFO har som mål å ha eit tett og godt samarbeid med føresette. Føresette skal vera trygge på at barna har det trygt og godt på SFO. For å oppnå det legg me til rette for å etablera ein open og god dialog, både i det daglege i bringe- og hentesituasjonen, og på foreldremøte.

Me forventar at føresette snakkar positivt om skulen og SFO til barna sine, og tek opp usemje direkte med SFO.

### Kommunikasjon

Me ønsker melding på IST Home dersom dykk sender melding til oss. Etter skuletid, når SFO har byrja ønsker me at dykk ringer/sender melding på SFO mobiltelefonen. Dette for å sikre oss og dykk at me får meldinga.

Dykk kan sende melding/ringe for å gi beskjed om at barnet går heim sjølv, til parkeringsplass eller til barnehage.

Me bruker Dagleg Dialog for å registrere barna inn og ut.

Det blir sendt ut månadsbrev på IST Home kvar månad med informasjon om kva som har skjedd og kva som skjer på SFO. Informasjon og påmelding til ferier kjem også på IST Home.

Skulen sitt samarbeidsutval og skulemiljøutval tek opp tema som omhandlar SFO si verksemd.

Dersom foreldrerådet ønsker skal FAU supplerast med ein av foreldra til barn i SFO. Som kan ta opp tema som omhandlar SFO på vegne av foreldregruppa.

## 6. Praktisk informasjon

### **Informasjon om SFO på heimesida til Hjelmeland kommune**

På heimesida til Hjelmeland kommune finn du informasjon om SFO:

<https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/skulefritidsordning-sfo/>.

Der finn du m.a informasjon om:

- Prisar på SFO
- Informasjon om og søknadsskjema til redusert foreldrebetaling
- Opningstider
- Informasjon om den enkelte SFO
- Vedtekter
- Ferie- og plandagar
- Lenkje til oppvekstportalen, kor ein m.a. søker om endring av opphaldstid og oppseiing av plass: <https://hjelmeland.ist-asp.com/NO01133-pub/login.htm>. Føresette logger seg inn i oppvekstportalen, og går inn på plasseringa til barnet. Her vil de finne moglegheit for å seie opp plass eller endre plasstype.
- Timeplan legg dykk inn i IST Home

### **Opningstider og feriedagar**

SFO har ope alle virkedagar i 11 månadar, med unntak av 5 plandagar. I 2026/27 er SFO stengt pga plandagar på følgjande datoar: 12., 13. og 14. august, 04. januar og 07. mai.

SFO er også stengt 4 veker i juli, veke 27,28,29,30. I dei andre feriane er SFO ope dersom det er minst tre barn på SFO. Ved for få barn (1-2), kan desse barna få tilbod om plass i ein annan SFO dei aktuelle dagane. Det kjem mail om påmelding til ferier via IST Home.

Fristar for å melde på barna i ferier er:

Haustferien: 13. september

13. november: 25. oktober

Juleferien: 29. november

Vinterferien: 24. januar

Påskeferien: 28. februar

Sommarferien: 18. april

### **Dagsplan:**

SFO opne 07:30. For dei som har behov og søker om dette kan SFO opne 07:00.

Dei som vil ete frukost har dette med seg. Det er lek og spel frem til ca 08:10, då ryddar me og går ut for å få eit lite friminutt før skulen byrja.

Etter skuletid; Me startar me med registrering i døra før alle vaske hender før måltid. Me et før det er lek inne/ute, spel, formingsaktivitet, gymsal eller liknande. Tysdag er det grupper, dei byrja etter haustferien og varer til påskeferien. Det er alltid ei av gruppene som lager mat denne dagen. Også variere det kva som skjer i dei ulike gruppene. Barna melder seg på det dei har lyst å gjera. Fredag byrja me med eit måltid. Etterpå er det variert opplegg, tur, forming, lek, spel, gymsal, bingen, matlaging og liknande.

### **Klede**

Alle klede må merkast med namn. I garderoben har kvart barn si eiga korg der dei skal leggja klesskift. Pass på at barna alltid har det som trengst av sko og klede for å kunna vera ute. Me er ute kvar dag på SFO. Dei tilsette hjelp til med å fortelja kva som er rett påkledning i forhold til været.

### **Bursdag**

Bursdag er ein stor dag, og det skal markerast. Årdal SFO har valt å feire bursdagen siste fredag kvar månad. Då feire me alle som har bursdag den aktuelle månaden og servere taco buffé. Har barnet fri den aktuelle fredagen me har feiring for ho/han får dei tilbod om å komma. Det blir laga medalje som dei får med seg heim.

Kvart år lagar me ein oversikt inne på SFO, der det viser kva tid kvar enkelt har bursdag.



## 7. Årdal SFO`s årshjul

| Månad     | Forslag til aktivitetsplan                                                                                                                                        |
|-----------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| August    | Bli kjent med barn og voksne på SFO<br>Bli kjent med skulen, SFO og uteområde<br>Bli kjent med reglar og rutinar<br>Aktivitatar ute og inne<br>Foreldremøte 25.08 |
| September | Bli bedre kjent<br>Norge-veke<br>Fri leik ute/inne                                                                                                                |
| Oktober   | Hautferie veke 41<br>Filippinene veke<br>Tur på fredagar                                                                                                          |
| November  | Julegåver<br>Afghanistan veke<br>Julebakst                                                                                                                        |
| Desember  | Grautfest/Nissefest<br>Julebord<br>Juleferie                                                                                                                      |
| Januar    | Snø/aking<br>100 dagers Fest<br>Ukrainsk veke                                                                                                                     |
| Februar   | Samenes dag<br>Litauen veke<br>Vinterferie veke 7<br>Karneval<br>Fastelavn                                                                                        |
| Mars      | Lage kjøkkenhage<br>Colombia veke<br>Påskeynt<br>Påskeegg jakt<br>Påskeferie veke 12                                                                              |
| April     | Nasjonal SFO-dag onsdag 28.04<br>Madagaskar veke<br>Me reiser til Syden 23.04                                                                                     |
| Mai       | 17. mai pynt<br>Gå på «nøst» i naturen og lage kunst med det me finn.<br>Får besøk av neste års SFOarar                                                           |
| Juni      | Sommaravslutning<br>Bading i vannspreiar<br>Turer i nærområde                                                                                                     |

**Tilsette på SFO 2026/27**

Marita Vetrhus Karlsen

Hanne Rossemyr

Randi Karin Nerhus

Miriam Johanne Halsos Lindeli

Irene Nielsen

Martha Siri Ullestad

Aida Bjørkhaug

**Kontaktinformasjon til SFO**

Ta kontakt med oss tilsette når de leverar/hentar barnet. Du kan også ringja eller senda melding til SFO i opningstida.

SFO telefon: 40 43 92 09

SFO-leiar Hanne Rossemyr: 45 42 77 87

Epost: [hanne.rossemyr@hjelmeland.kommune.no](mailto:hanne.rossemyr@hjelmeland.kommune.no)

IST Home